



Leif Arne Risa
Torrvikvegen 62
4250 KOPERVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/487 - 16/3754

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
10.02.2016

Utsleppsløyve - fritidsbustad gbnr. 169/7 Eikeland nordre

Administrativt vedtak. Saknr: 099/16

Tiltakshavar: Leif Arne Risa
Ansvarleg søker: Lindås VVS N.T AS
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad på eigedom gbnr. 169/7. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe. Avlaupet skal reinsast i Kjemisk/biologis minireinseanlegg av type Biovac FD 5 N. Storleiken til utleppet er opplyst til 5 pe i søknad om utslepp av sanitært avløpsvann datert 04.01.2013, dagsett 16.01.2013.

Det vert elles vist til søknad mottatt 16.01.2013.

Plan- og miljøutval gav i vedtak datert 11.06.2013 dispensasjon frå pbl § 11-6 for etablering av parkeringsareal og avlaupsanlegg på gbnr. 169/7.

Administrasjonen gav i vedtak datert 18.07.2013 løyve til etablering av parkeringsplass og avlaupsanlegg på eigedom gbnr. 169/7.

Ved ein inkurie har det ikkje vore gjeve utsleppsløyve i saka.

Planstatus

Eigedomen er uregulert i det som i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 er avsett til LNF-spreidd og til dels i område avsett til LNF-føremål. Det ligg føre dispensasjon for etablering av sanitæranlegg.



Plassering

Anlegget skal plasserast på tiltakshavar sin eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyve. Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 23.05.2012 (dagsett 23.07.2012).

Reinseløysing

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac. Anlegget tilfredsstillar NS EN12566-3. Omsøkt reinseløysing stettar krav til utsleppsstad i følsomt/normalt område med brukarinteresser.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr. 1 c.

Det ligg føre serviceavtale datert 11.10.13 for anlegg av type - Biovac FD 5 N.

Privatrettslege tilhøve

Anlegget skal plasserast på tiltakshavar si eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyve.

Godkjenning etter anna lovverk

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det liggja føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1.

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp frå ein fritidsbustad på eigedom gbnr. 169/7 for inntil 5 pe, i samsvar med søknad motteke 16.01.2013 og på følgjande vilkår:

1. Avløpet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD 5 N før det reinsa avløpsvatnet vert ført til bekk med heilårsvassig.
2. Anlegget skal plasserast slik som vist på kart datert 23.05.2012
3. Reinseanlegget skal plasserast slik at det kan driftast og vedlikehaldast av godkjend føretak. Det er eit vilkår for løyvet at det er inngått serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget.
4. Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombelsbruksløyve/ferdigattest, jf. pbl § 21-10

Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avløpsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining frå anlegget, jf. forureiningslova § 7.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/487

Til orientering

Søknadspliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. pbl. § 21-10.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon frå Pbl § 11-6 for etablering av parkeringsareal og avlaupsanlegg på gbnr 1697-Eikeland nordre (L)(49589)

Løyve til etablering av parkeringsplass og avlaupsanlegg på gbnr 1697 Eikeland Nordre (L)(40485)

Kopi til:

Lindås VVS AS

Postboks 42

5951

LINDÅS

Mottakarar:

Leif Arne Risa

Torrvikvegen 62

4250

KOPERVIK